




Dei digitale bøkene:

Personboka 2020 E-bok Utflyttarboka 2007 Personboka 2000



Kjøp og rettleiing

Kjøp av Personboka 2020 E-bok:

For **Android og iOS**: Om du ikkje har appen: *Google Play Bøker* frå før, bør du laste den ned.
For **Apple /iPhone**: Bruk iTunes og iBooks. Om du ikkje har ikona *Filer* og *Bøker*, last dei ned. (*)

Du må starte på den eininga (telefon eller nettbrett) som du vil ha boka lagt til.
Søk opp: *Heimeside Sverre Bjåstad* (eller skriv: bjastad.com/nettbutikk i nettlesaren)

1. Trykk på: Legg i handlekurv. Trykk: Fortsett til utsjekking.
2. Skriv inn Kundeinformasjon. Trykk grøn knapp: Fortsett Trykk: Send inn ordre.
3. Vel betalingsmåte. Alt. 1: Ved bruk bankkort, fyll ut.
Alt. 2: Ved bruk av Vipps, blad nedover, trykk på Vipps
4. Utsjekkingsresultat, trykk på raud linje: Gå til ordrehistorikk
5. Trykk på: 1) Nedlastingar, 2) Raud tekst: Last ned. 3) Gå ut

Du har no lasta ned boka på telefonen og fått ein e-post som stadfester handelen.
For nokre er boka lagt direkte i Play bøker. Andre må aktivt legge den dit. Sjekk *Filer* og finn fil med .epub. Trykk på den. Boka vil legge seg i *Bøker*. Det vil ta litt tid før boka er klar til lesing. Inntil då ser du at det står «under behandling». Bok som ligg i Play bøker på tlf får du også tilgang til i nettbrett med same konto.

Laste ned inntil 1 gratis bok (2 fram til 05.12.22) til andre i eigen familie ut frå ordreinfoen du fekk i e-posten ved kjøp. Det må skje innan 7 dagar etter kjøp. Du er person **A** og vil gi boka til familiemedlem **B**:

1. Vidaresend e-posten (ordren) til **B**, som opnar den på sin telefon.
2. Nedst i ordren står ei lang kode. Marker den og vel Kopier. Trykk på lenka ovanfor koda.
3. Skriv inn e-postadressa til **A**. Lim inn koda du tok kopi av. Trykk Vis.
- 4 Trykk Nedlasting, og vidare Last ned. Gå ut.

Kjøp av Utflyttarboka 2007 E-bok og Personboka 2000 E-bok:

1. For Android og iOS: Bruk appen Google Play bøker. (søk: Personboka 2000 ...osv.)
2. For Apple: Bruk iTunes og iBooks
3. Eller gå til «Heimeside for Sverre Bjåstad», <http://sverre.bjastad.com>

NB! Når du kjøper boka, blir ho lasta ned på telefonen/nettbrettet. Difor må du kanskje bruke **passordet ditt** til Google eller iTunes. Kvar bok kostar vel 300 kroner. Bøkene blir selde av firmaet Eboknorden.

Ved kjøp av boka på telefon (nettbrett), legg ho seg også på nettbrettet (telefon) dersom dei har same plattform (adresse/passord). Boka ligg på harddisken/minnekortet til brettet/telefonen. Du treng altså ikkje vere på nettet når du seinare les i boka. Boka krev om lag 25 Mb i minnet, svarande til 20 bilde.

Du blar deg lett fram og tilbake, frå side til side eller raskare ved å dra ein markør. Dette blir som å bla i ei papirbok. Du zoomar lett i ønska storleik på skrifta. Men viktigast er å skjone *søkjefunksjonen*. Sjå neste side.

(*) Vi har erfart at nokon ikkje finn att boka dei har lasta ned. Dei har ikkje fått spørsmål om kvar boka skal leggst. Gå til *Filer* og søk opp fila med etternamnet .epub. Om du finn den, trykk på filnamnet og boka kjem fram. Etterpå legg ho seg under *Bibliotek/Bøker*.

Søkjefunksjon

Ved **søk** skil ein ikkje mellom små og store bokstavar. (*Søk tyder: trykk på skjerm til lupa kjem fram øvst til høgre, trykk på lupa, skriv det du søker, trykk på lupa*)

Nokre brukartips. Hugs at boka har nokre forkortingar som kan gi utfordringar.

1. Om eg leitar linja til personen Sverre Bjåstad, må eg søkje *Bjåstad, Sverre* (Bjåstad- komma-ordskiljar-Sverre). I dette tilfelle finn du han på fleire plassar, men berre eitt av dei er i namneregisteret.
2. Finne søsken i ei familie. Dvs finne borna til eit par. Sidan det er uråd i papirboka, vil dette bli eit **av dei mest bruka søk**.
 1. Hareid hadde ein markant ordførar på 60-talet. Det var Sverre Riise, gift med Laura Sundgot. Søk Sverre/Laura. Du finn 6 born, Solveig, Arnleif, Einar, Svein, Arna, Inger.
 2. Ulstein hadde frå -79 til -87 Asbjørn Flø som ordførar. Kona er Reidun f. Løset. Søk Asbjørn/Reidun. Du finn 6 personar. Men her er det to foreldrepar med same namn på far/mor. Fire har Flø og høyrer til ordføraren, Jan Kåre, Olav, Rolf Arne og Oddhild. Det andre søskenparet har etternamn Røyset.
3. Søk: *Arne/Linda* og du finn borna med far Arne og mor Linda. 9 treff, men ikkje på same familien. Vi kjem innom 4 familiar: Eide, Flatin, Heltne, Jensås og Røren.

Merk: Grunna ulik søkjemotor/algorithmte på nett/telefon, Android/iTune kan du kanskje få treff på *Bjarne/Linda*. For å unngå det kan du ha ordskiljar framfor Arne. Denne ulikskapen gjer at du kanskje ikkje får same tala som eg nemner i desse døma.

4. Om vi vil søkje borna til far Johannes og mor Ruth kunne vi prøve
 - a) Johannes/Ruth (0 treff),
 - b) Johs/Ruth (5 treff)
 - c) Johs./Ruth (0 treff).Sidan Johannes på nokre stader er forkorta til Johs (anten fordi vedkomande brukar dette namnet eller eg har plassmangel på linja) er det b) som gir det ønska resultat.
5. Med litt sjeldne namn er det nok å søkje på berre mor eller far. T.d.: */Dorthea* gir 28 treff som vi ser er frå fleire familiar. *Lidar/* gir 4 treff. Lidar og Elisabeth Wings. har 4 born.
6. Søk: *f Bømlo*, du får den/dei som kjem **frå** Bømlo. Tre treff.
 1. Johannes Andersen.
 2. Ingrid Røyksund Ringstad (*har B bak namnet, på bilde av tilflytta frå Hordaland.*
 3. Ivar Andre Aadland.
7. Kor mange er fødte i 1944? Søk: *.1944* (pass på at det ikkje blir ordskiljar bak punktum: *. 1944*) gir 219 treff. Er det rimeleg? Ja, konfirmasjonsskulla rundt 1960 var mellom 80 og 90 i kvar kommune. Det er sannsynleg at ca. 50 har flytta til øya og har fødselsår 1944.
8. Ved flytting til/frå prøver eg få med både kommune og tettstad. Om eg søker dei som er frå Vartdal, skal dei også vere med i søk på dei som er komne frå Ørsta. Søk: *f Vartdal*. Du får 35. Søk: *f Ørsta* og du får 205. Dei 35 frå Vartdal er mellom dei 205 frå Ørsta.
9. Spørsmål: Kor mange heiter Knut? Søkjer eg først Knut, får eg 831 treff. Men her kjem same Knut att fleire gongar. T.d. i farsnamn som Knutson... og Knut/... . Dessutan mellomnamn som Per Knut. Vi kan sile ut med: *, Knut* (komma-ordskiljar-Knut) og få dei som har Knut som første fornamn. 148 treff. Men no har vi med Knut-Johan, Knut-Jørgen etc. Om vi vil ha rein Knut er det meir presist med; Søk: *, Knut* (komma-ordskiljar-Knut-ordskiljar) og får 135 treff. Talet 135 er nok mest korrekte svar.
10. Personar fødte ein bestemt dato, t.d. 24. desember. Søk: *24.12*. Du får 58 treff. Av dei om lag 25000 personane har 58 fødselsdag på julekvelden. Søk: *31.12.1972* og du får eitt treff. Mellom personane i boka var det berre Therese Leine frå Brandal som blei 50 år nyttårsafta 2022.